



## INNSPEL TIL BUDSJETT 2023 FITJAR KOMMUNE

Vi observerer at det er foreslått budsjettkutt som gjeld stenging av bassenget ved Rimbareid skule i perioden 1.desember til 28.februar.

Det å stenga eit svømmeopplærings-tilbod for born og unge i ein kystkommune er svært uheldig.

Fitjar kommune har òg tatt imot mange flykningefamiliar som ønskjer å nytta seg av eit symjetilbod, da med tanke på offentleg bading. Det nærmaste tilbodet er på Stord, men med får busstilbod på kveldstid, som gjer det tungvint og kostnadskrevjande å dra dit.

Fitjar Frivilligsentral har tilrettelagt offentleg bading for Fitjar Idrettslag i fleire tiår, og det har vore eit kjærkomment tilbod for både born og vaksne.

Det er skjerma time for foreldre med born under 10 år den første timen, neste time er tilrettelagt for alle over 10 år og skjerma time for vaksne med ønskje om å symja den siste timen.

Tilbodet har låge prisar og gir moglegheit for dei fleste å ta del i . Idrettslaget har aldri hatt ei meining om å tena pengar på mandagstimane, men å oppretthalda eit viktig tilbod.

(Til dømes no etter oppstart var det 35 personar som nytta seg av tilbodet- her var mange barnefamiliar og vaksne)

Alle badevaktene stiller frivillig opp desse timane, tek òg kurs og sertifisering som er nødvendig for dette. Dette er ganske unikt.

Å ta frå bygda denne moglegheita i ei tid der pandemien ikkje har så stramme grep kring oss, er veldig synd, så vi håpar at det blir ein snuoperasjon– at det ikkje vert stengt i vinter.

Håpar òg at både Frivilligsentral og Idrettslaget får ei beskjed om kva som vil skje med hensyn til bassenget, unsett kva utfallet blir.

Fitjar 8.november 2022

Fitjar Frivilligsentral  
Ellinor Austad Bergesen  
Dagleg leiar

Fitjar Idrettslag  
Trygve Kvarven  
Dagleg leiar